

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 10.11.2022

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye

SAKA GJELD: Økonomisk langtidsplan 2023-2027 – oppfølging og konsekvensvurdering

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 31/22

STYREMØTE: 17.11.2022

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppfølging og konsekvensvurdering av økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027 til vitande.

Oppsummering

Oppfølging av resultat 2022 og økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027 (ØLP) var sak i styret den 8. september i år. Denne saka omfattar ei oppdatert konsekvensvurdering av gjeldande ØLP. Styret i Helse Vest skal handsame reviderte ØLP for regionen tidleg i desember 2022. Derfor denne styrehandsaminga i SAV no.

Konsekvensjustert ØLP for SAV for perioden 2023-2027 oppsummert:

- Resultatkrav uendra (9 mill. kvart år i planperioden)
- Prioritering av investeringar i nye system for 32 mill i perioden 2023-2025.
- Innreiking av nytt apotek i Førde i 2023 med 7 mill.
- Planlegging av areal i Bergen og Stavanger i 2023 med i alt 4,5 mill.
- Forebyggjande tiltak apotekareal i Bergen i 2023 med 1,5 mill.
- Mogeleg råme for regionalt pakkeanlegg for eindose og apotek i Bergen 50 mill i 2025-2027.

SAV har svært varierende likviditet frå månad til månad. Det vert arbeidd med tiltak for å redusere variasjonen.

Vi legg til grunn at økonomisk handlingsrom i ØLP i hovudsak er avgrensa til SAV sine egne midlar.

SAV prioriterer å gjennomføre systemutvikling (digitalisering) som er i gang.

Arela for nytt apotek i Førde er klart til innreiking og vert prioritert i 2023 med investering på ca 7 mill.

Ferdigstilling av nytt sjukehus i Stavanger i 2025 krev nytt apotek. Det gjenstår planlegging og prosjektering av arealet.

Manglande avklaringar frå Helse Bergen med omsyn til tilgjengeleg areal for det regionale pakkeanlegget for eindose og for apoteket i Bergen sin utviklingsplan gjer planprosessen vanskeleg.

Samla er investeringsplanen på nivå med opprinneleg ØLP, men i perioden 2023-2024 er det ein reduksjon på 37 mill.

Konsekvensjustert ØLP er sak i Samhandlingsmøtet og skal drøftast med dei tilsette sine representantar den 16.11.2022.

Fakta

Med bakgrunn i den økonomiske stoda i regionen bad styret i Helse Vest i juni føretaka om å følge opp ØLP og vurdere konsekvensar av at ikkje alle investeringar kan gjennomførast slik som planlagt (sak Helse Vest styret 060/22). Oppfølging av resultat 2022 og ØLP var sak i SAV styret den 8. september i år (Sak 26/22).

Resultatkravet i ØLP er oppretthalde med bakgrunn i at dette gjev rimeleg balanse

mellom risiko knytt til driftsresultat i verksemdsområda, samt grunnlag for fornuftig prisutvikling til sjukehusføretaka. Samtidig ser ein at tilgjengeleg likviditet er meir avgjerande enn auka resultat for SAV si investeringsevne på kort- og mellomlang sikt.

Tabell 1; Resultatkrav

Økonomisk langtidsplan 2023 - 2027					
Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027
Sjukehusapoteka Vest HF	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000

Finansiering og økonomisk handlingsrom

SAV har opparbeidd eigenkapital, men samtidig er det stor variasjon i likvide midlar. I styremøtet 29.09.2022 var styret oppteken av at det er ein buffer i likviditeten, til dømes normalt tilsvarende 2 * månadleg utbetaling av løn. SAV har gjennomsnittleg ein buffer over dette nivået, men vil i enkelte veker være under. Forholdet er til oppfølging i dialog med Helse Vest og Lønn og rekneskapssenteret (LSR), der LSR bistår med likviditetsprognosar fire veker fram kvar veke.

Opprinneleg ØLP omfatta eit investeringsprogram på i alt 134 mill.. Planen la til grunn kortsiktig lån frå Helse Vest. Etter dialog med Helse Vest i oktober synes det å være utfordringar med å få regional finansiering frå Helse Vest. Sidan SAV ikkje har driftskreditt ser Helse Vest det som mogeleg å bidra med kortsiktig likviditet om det oppstår likviditetsproblem i enkelte tidsperiodar. SAV legg etter dette til grunn at økonomisk handlingsrom er avgrensa til eigne midlar, med noko buffer frå Helse Vest etter nærare dialog.

Investering i apoteksystem

SAV er forplikta til i kontraktar å ferdigstille utvikling av system. Det føreligg føring frå Helse Vest om å ikkje prioritere ned tiltak for digitalisering og systemutvikling.

Produksjonsstøttesystem (PCMS);

Investering ved utgangen av 2022 vert ca. 15 mill. Dette er ca. 9 mill. lågare enn budsjettet for 2022. Totalt omfang av prosjektet er til vurdering, og vil ha samanheng med andre prosjekter, m.a. utvikling av Meona. På kort sikt vert Cytodose oppdatert og vidareført i påvente av løysing for kjemoterapi i Meona. Prosjektet har estimert ytterlegare investering i 2023 – 2025 på 12,3 mill. Ei auke på 9,1 mill. frå opprinneleg ØLP.

Reseptur og butikkdatasystem (Orion, tidl. RBD);

Orion skal erstatte FarmaPro i publikumsavdelingane og har grensesnitt mot nytt bransjesystem for apotek (EIK) og Libra. Total investering ved utgangen av 2022 vert ca. 30 mill. med ytterlegare investering i 2023 og 2024 på 11,4 mill. Dette er 2,3 mill. meir enn opprinneleg ØLP.

Digitale apotektenester (vidareutvikling klikk og hent);

Sjukehusapotekføreaka har endra tilnærming for utvikling av digitale apotektenester og konsept for nettapotek er redusert i omfang. Målet er no å betre dagens løysing for klikk og hent. Total investering ved utgangen av 2022 er venta å være ca. 0,5 mill. med ytterlegare investering på 0,8 mil. i 2023. Dette er ein reduksjon på 2,2 mill. frå opprinneleg ØLP.

Isolatorar til bruk i produksjon av legemiddel;

PCMS føreset investering i nye isolatorar samt at det er behov for utskifting. Investering ved utgangen av 2022 er venta å være ca. ca. 3 mill. Resterande investering vil m.a. være avhengig av framdrift i PCMS prosjektet. Behovet for isolatorar er på nivå med opprinneleg ØLP.

Oppsummert vert investering i nye system vidareført omtrent på same nivå som opprinneleg ØLP, men lågare investering i 2022 gjer at investeringa i sum aukar med 9,6 mill. mot opprinneleg ØLP. Investeringa fordeler seg med 14,8 mill. i 2023, 9,3 mill. i 2024 og 8 mill. i 2025.

Tabell 2; Investering i nye system

Hele tusen kr	Konsekvensjustert ØLP 2023- 2027					
	Total	2023	2024	2025	2026	2027
Annet/IKT/Systemer						
Produksjonsstøttesystem for legemidler	12 300	3 700	7 600	1 000		
Orion (tidl. RBD) og EIK	11 400	9 700	1 700			
Digitale apotektenester	800	800	-			
Isolatorar til bruk i produksjon av legemiddel	7 600	600	-	7 000		
Sum konsekvensjustert ØLP	32 100	14 800	9 300	8 000	-	-
Sum opprinnelege ØLP	22 500	15 400	7 100	-	-	-

Investering i regionalt pakkeanlegg for eindose og nye apotekareal

Med utgangspunkt i likviditet og prioritering av systeminvesteringar, er estimat for tilgjengelig likviditet (råme) for pakkeanlegg for eindose og nye apotekareal (blå tal/tekst) på rundt 100 mill. for heile planperioden (Tabell 3).

Tabell 3; Kontantstraum konekvensjustert ØLP

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	P 2022	B 2023	2024	2025	2026	2027
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	8 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
+ Avskrivning/nedskrivning	7 600	7 000	7 000	6 000	11 000	10 000
= Kontantstrøm fra driften	15 600	16 000	16 000	15 000	20 000	19 000
+/-Overføring av likviditet fra 2021 - saldo per 31.12.2021	76 000					
+/- annet	0	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	91 600	16 000	16 000	15 000	20 000	19 000

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Bygg - tilgjengelig råme for apotekareal (inkl eindoseanlegg)	1 900	13 000	40 000	15 000	15 000	20 000
Medisinteknisk utstyr	3 280	600	0	7 000	0	0
Anna (IKT system)	20 200	14 200	9 300	1 000	0	0
Sum investeringar	25 380	27 800	49 300	23 000	15 000	20 000

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	66 220	(11 800)	(33 300)	(8 000)	5 000	(1 000)
Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag	66 220	54 420	21 120	13 120	18 120	17 120

Nye lokaler i Førde

Arealet i Førde er klar for innreiing og vert prioritert i 2023. Sjukehuset har behov for dagens apoteklokale og har bedt apoteket flytte seinast september 2023. Total investering ved utgangen av 2022 er venta å være ca. 1 mill. med ytterlegare investering fram til innflytting på ca. 7 mill. Prosjektet peikar på særleg usikkerheit med omsyn til

pris på varelagerrobotar som er under anskaffing. Samla investering er på nivå med opprinneleg ØLP.

Nytt apotek i nytt sjukehus i Stavanger

I Stavanger er apotek i nytt sjukehus planlagt ferdigstilt i 2024 og oppstart av drift tidleg i 2025. Det er behov for prosjektering av arealet i samarbeid med Helse Stavanger samt at driftsmodell for dagens apotek på Våland må avklarast. Kostnadsestimatet framstår som usikkert. Det vert sett av 2,5 mill til planarbeidet i 2023 og innreiing av nytt apotek i 2024 med eit førebels esitmat på 40 mill.

Regionalt pakkeanlegg for eindose og utviklingsplan for apoteket i Bergen.

Det føreligg ikkje avklaring frå Helse Bergen med omsyn til areal for det regionale pakkeanlegget for eindose og for apoteket i Bergen (utviklingsplanen). Når areal er avklart må det gjennomførast prosjektering. Ein føresler å setje av 2 mill kroner til planarbeid i 2023. Det er eit betydeleg etterslep på naudsynt vedlikehald i apoteklokala for produksjon av legemiddel. På grunn av dette, og på grunn av nye kvalitetskrav, er det naudsynt å nedklassifisere deler av dagens produksjonsrom. Endringa fører til at produksjon må gjerast i isolatorar (dagens produksjon vert utført på benk). Det er føreslege å setje av 1,5 mill i 2023 til førebyggjande tiltak i apoteket der m.a. dette tiltaket inngår.

Likviditessituasjonen tilseier at samla råme for investering i regionalt pakkeanlegg og nye apotekarela i Bergen er ca 50 mill i perioden 2025-2027. Usikkerhet om areal og manglande prosjektering gjer det vanskelg å fastsetje estimat for kostnad. Det er uansett lite truleg at investeringane kan gjennomførast innanfor ei råme på 50 mill.

Tabell 4; Investering i arealprosjekt og tilgjengeleg råme

Heile tusen kr	Konsekvensjustert ØLP 2023- 2027					
	Total	2023	2024	2025	2026	2027
Bygg/Arealprosjekter						
Innreiing apoteklokaler i Førde	7 000	7 000				
Innreiing apoteklokaler i Stavanger	42 500	2 500	40 000			
Planlegging og prosjektering areal Bergen	2 000	2 000				
Forebyggjande tiltak apotekareal Bergen	1 500	1 500				
Resterande investeringsråme (eindose anlegg og areal Bergen)	50 000			15 000	15 000	20 000
Sum konsekvensjustert ØLP	103 000	13 000	40 000	15 000	15 000	20 000
Sum opprinnelege ØLP	111 800	37 000	53 000	6 500	6 600	8 700

Oppsummert konsekvensjustert ØLP

Tabell 5; Samla konsekvensjustert investeringsprogram

Heile tusen kr	Konsekvensjustert 2023- 2027					
	Total	2023	2024	2025	2026	2027
Bygg/Arealprosjekter						
Innreiing apoteklokaler i Førde	7 000	7 000				
Innreiing apoteklokaler i Stavanger	42 500	2 500	40 000			
Planlegging og prosjektering areal Bergen	2 000	2 000				
Førebyggende tiltak apotekareal Bergen	1 500	1 500				
Resterande investeringsråme (eindose anlegg og areal Bergen)	50 000			15 000	15 000	20 000
Sum konsekvensjustert ØLP	103 000	13 000	40 000	15 000	15 000	20 000
Sum opprinnlege ØLP	111 800	37 000	53 000	6 500	6 600	8 700
Annet/IKT/Systemer						
Produksjonsstøttesystem for legemidler	12 300	3 700	7 600	1 000		
Orion (tidl. RBD) og EIK	11 400	9 700	1 700			
Digitale apotektenester	800	800	-			
Isolatorar til bruk i produksjon av legemiddel	7 600	600	-	7 000		
Sum konsekvensjustert ØLP	32 100	14 800	9 300	8 000	-	-
Sum opprinnlege ØLP	22 500	15 400	7 100	-	-	-
Total investeringer	135 100	27 800	49 300	23 000	15 000	20 000
Total investeringer opprinnelig ØLP	134 300	52 400	60 100	6 500	6 600	8 700

Det er generelt stor usikkertheit i kostnadsestimata. Dette gjeld særleg investering i nye areal i Stavanger, både på grunn av sterk generell kostnadsstigning og behov for prosjektering. Estimatet bygger på standard kalkyler frå Sykehusbygg. Estimat for regionalt pakkeanlegg for eindose og nye areal i Bergen er som nevnt ikkje moglege å talfeste på noværande tidspunkt.

Konsekvesjustert ØLP er sak i Samhandlingsmøtet og skal drøftast med dei tilsette sine representantar den 16.11.2022.

Kommentarar

Vidare oppfølging av konsekvensjustert ØLP set krav til god kommunikasjon og dialog samt oppfølging av pågåande og planlagde prosjekt. I tida fram mot neste rullering av ØLP (våren 2023) er vonaleg planarbeid kome lenger med betre estimat på kostnader.

Konklusjon

Konsekvensjustert ØLP bygger på estimat for resultat og investeringar ut frå kjende forhold per oktober 2022. Dagens økonomiske situasjonen i Helse Vest og den generelle kostnadsutviklinga i samfunnet tilseier særleg usikkerhet både i omfang, kostnad og tidslinje i planperioden.